

Fra: Langaas Guri [Guri.Langaas@flora.kommune.no]
Sendt: 30. desember 2014 10:48
Til: Postmottak KD
Emne: Høyringsuttale - endringar i opplæringslova

Viser til høyringsbrev og notat datert 22.10.14 "Høring – Forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven – Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag m.m."
Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune handsama framlegg til endringar i opplæringslova i møte 18.11.2014, og vedtok i sak 035/14 høyringsuttale frå Flora kommune:

035/14: Høyringsuttale - endringar i opplæringslova

1. Flora kommune stiller seg tvilande til om framlegget om nytt (K)RLE-fag er i tråd med menneskerettene og føreset at regjeringa vil utgreie dette grundig før lovendring vert fremlagt.
2. Flora kommune vil streke under at det er viktig at livssynsuvhengigheita i faget blir ivareteke, uavhengig av kva som er namnet på faget. Samstundes er det viktig at faget også skal gje ei innføring i korleis dei ulike religionane har verka inn på samfunnet. Ein ber difor om at departementet vurderar eit anna namn på faget, som tek inn religionselementet.
3. Flora kommune er av den oppfatning at det i eit konfesjonsnøytralt religionsfag er uriktig å ha eit markert skille mellom læring i dei ulike religionene. Det framstår såleis som vanskeleg å regelfeste ein viss prosentandel av bestemte religionar i faget.
4. Om kompetansekrav til lærarar.
Flora kommune er i utgangspunktet positive til kompetansekrav for lærarar. Men vi meiner at reforma ikkje er fullfinansiert, det må vere ei forutsetning.

Med helsing

Guri Langaas

Kommunalsjef Flora kommune

Epost: guri.langaas@flora.kommune.no

Tlf. 5775 6201

Mob. 41530113